

Fra: Kjersti Ingolvsdotter Vevatne (Kjersti.Vevatne@asplanviak.no)

Sendt: 02.02.2015 14:56:48

Til: to-mbj@online.no

Kopi: Eva Katrine Ritland Taule; Elizabeth Warren

Emne: Kulturminnetema Strandsoneplan

Vedlegg: image001.gif;image002.png;image003.png;image004.png;image005.png;Vedlegg til kulturminnetema.docx;Strandsoneplan Sunnhordland. Kulturminnetema.docx

Hei!

Her følger kulturminnetema.

Temarapporten:

- Metode er utdjupa meir, som vi snakka om
- Mindre rettingar i teksten.
- Samlekartet har ei endring – steinalderbuplasser er lagt inn og utdjupar biletet (står litt om dette under metode)
- Fleire av karta er friska opp, og har lik layout
- For nokre av kategoriane er det lagt på nokre objekt – bl.a nokre fyr som eg la inn tidlegare i vinter

Punkt i Gis:

- Eg har gjort nokre nye uttrekk frå Askeladden for ein del av kategoriane, dels fordi nye objekt er lagt inn i databasen. Eg ser f.eks at Kuleseid-kanalen er inne nå. Filer med punkt (inkludert Kvam, Jondal og Vindafjord) har eg så godt som komplett, MEN det har hindra meg ein god del at Askeladden nettopp denne siste veka har vore mykje nede pga skifte av server. Nå i dag, etter lunsj, er Askeladden komme opp igjen, men eg ser at det ikkje er mulig å laste ned punkt enda. Eg manglar ei naustuft på Austevoll, og marine funn i Kvam, Jondal og Vindafjord – ein kategori eg rett og slett gløymde i haust (eg har dei andre). Alt det andre er klart. **Eg rår til at eg får ned desse siste før eg sender over** – elles ender Akvator med å sitte med to sett data. Eg kan sjølvst sende sjøbruksmiljøa – som ikkje har noko med Askeladden å gjere. Ønskjer de dette – eller vil de ha alle punkt i same epost i slutten av veka? Eg håpar ikkje Askeladden vil drøye lenge med å komme på plass.
- Eg gjer merksam på at punkta inneheld alle registrerte objekt for kvar kategori (t.d. alle steinalderbuplasser i Jondal, etc). Utklipping av det som ligg i 200-meters-sona har eg gjort når karta skulle lagast og når eg skulle hente ut lister over punkt. Dette var aldri naturleg å gjere for Kvam, Jondal og Vindafjord, sidan vi ikkje produserte kart og vedlegg for Kystsoneplanen. Men alle data ligg i filene, og utklipp av strandsona er ein enkelt operasjon å utføre i GIS.

Vedlegg:

- Liste over kulturminne som inngår i strandsoneplanen. Denne viser objekt i Askeladden (freda, i rosa), og sjøbruksmiljø. Eg har så langt ikkje sett behovet for å liste opp kolerakyrkjegardane, dei få gardstuna som er med, og fyra. Informasjon om desse ligg som eigenskap i shape-filene som høyrer til kulturminnetema. Men mulig dette var ei feilvurdering. For kommunane sin del kan det vere oversiktleg å få alle punkt i ein tabell – sjølv om alle kulturminne er vist i delkart. Om ønskjeleg kan eg ordne dette og oversende saman med shapes/punkt (når Riksantikvaren har fått Askeladden på føttene igjen) (dette gjeld sjølvst ikkje kystsoneplanen, men Sunnhordlandsplanen)

Venleg helsing



Kjersti Ingolvsdotter Vevatne
Arkeolog
Plan og urbanisme

T: [990 13 154](tel:99013154)

E: kjersti.vevatne@asplanviak.no

Kom i kontakt med Asplan Viak



Asplan Viak AS
Fabrikkgaten 3
Postboks 2304 Solheimsviken
5824 Bergen

T: [417 99 417](tel:41799417)

www.asplanviak.no

Les vårt nyhetsmagasin
[KVARTALET](#)